

Sigmund Bråtveit
4240 SULDALSOSEN

Hans Fredrik Dahl
Øystein Sørensen
Harald Espeli

BONDELAGET SIN HUNDREÅRSHISTORIE 1996
INNSPEL FRÅ FAGHISTORIKERAR.

*Takk for Bondelaget og det som gleder deg i
lesinga for deg! Eg kan berre seie den firdouren
du har fått lese om. Det vil vere eit betydeleg
bete og trykke press om desse krasse gjorde
vako vakte Bondelaget!*

Sand den 18. april 1995

*Eg vil spelemykta på minde voko til dei,
men i denne mangelstillainga se eg ugle bene
sin betingelse...* 108825

Me dette brevet ynskjer eg at de som faghistorikerar med spesiell kunnskap og interesse for den andre verdskrigen, gjer eit utspel overfor Bondelaget vedrørande deira eige historieprosjekt for at dei skal vektleggja det som skjedde i laget, særleg første krigsvinteren.

BONDELAGET VAR EIN SVÆRT INTERESSANT AKTØR I 1940

Gjennom det svært beskjedne innsynet eg sjølv fekk ved å arbeida med Bondelaget si historie, kom det ufatteleg klart fram kva rolle Bondelaget hadde og kunne ha hatt i den perioden då Nasjonal Samling gjorde sonderingar for å styrkja sin eigen legitimitet overfor tyskerane.

Kjeldematerialet i Bondelaget sitt arkiv og Riksarkivet viser klart at Bondelaget heilt til midten av november 1940 var innstilt på å gå til kollektiv innmelding i Nasjonal Samling.

Arbeidsmannsforbundet stod på gjerdet og avventa kva utspel Bondelaget ville koma med. Kva hadde skjedd dersom Bondelaget hadde gjort dette? Og kva kunne føra laget inn i ei slik rolle?

SERIØS HISTORIESKRIVING?

Dette er svært sentrale spørsmål som Bondelaget har eit glimrande utgangspunkt for å ta fatt i på ein respektabel måte. Ja, faktisk så meiner eg at dei har eit ansvar for å ta inn over seg heile historia si gjennom å sjå nøye på det som skjedde desse første månadane i 1940.

Me har sett at Norges Skogeierforbund missa fatalt på dette punktet; dette skadar heile organisasjonen, og fører til at dei som ein ansvarleg organisasjon er lite truverdige når historia manglar så vesentlege moment.

Det er femti år sidan krigen, ein dag må me forhalda oss til det som skjedde. Idag har Bondelaget faktisk sjansen til å nytta seg av ein aktør i desse forhandlingane. Han er både åndsfrisk, interessert og har allereie valt å stå fram med historia si. Det gjeld Finn Thrana, som då var medlem av Nasjonal Samling sitt forhandlingsutval.

Det ville vera eit tragisk kapittel Noregshistorie dersom Bondelaget ikkje tek fatt på ent samanhangande 100 års periode, og ikkje enda opp med fem tomme år frå 1940-1945.

Eg vil med dette be Dykk om å venda Dykk til Bondelaget for å leggja eit forstandig press på dei retta miljøa som i dag arbeidar med dette prosjektet. De representerar eit miljø som etter mitt syn i dette tilfellet bør peika på dei lange linjene, kor godt Bondelaget spegla samfunnet i 1930-1940 og den offentlege interessa det pågåande arbeidet har for alle historieinteresserte.

Med vennleg helsing
Sigmund Bråtveit

Kopi: Finn Thrana

Vedlegg: 8 sider artikkel ved Finn Thrana

er det som alle forberer!

Beste helsing